

Han Olav kan brukast til ALT

Olav Nordal i Leirvika i Norddalsfjorden har alle dei eigenskapar som skal til, og vel så det, for å tilhøyre dei som med rette kan seiast å vere som poteta; ho kan brukast til alt. Han har eit yrkesspekter som ikkje lenger finst mellom arbeidsfolk. Og alt han har lært har kome vel med i ulike samanhengar. Men mest gjaldt det sjølv sagt om å tene til livsopphald for seg og sine.

I SOFA- KROKEN:

*Olav og
Hjørdis
heime i
sofakroken.
(Alle foto:
Rolf Orheim)*



Garden i Leirvika, eit stykke aust for kyrkja, vart i førre generasjon delt på to søner. Gardane vart for små til å skaffe leveveg til familien, derfor har brukarane alltid måtta ha attåtinntekt. Slik var det med far til Olav også, han Peder Nordal, som mellom anna var flekkar på Lofoten og på Finnmarka. Han dreiv torskefiske i 20-åra, likeins sildefiske der han var bas for eit landnotlag frå bygda. Notlaget kjøpte ei uhorveleg stor landnot som dei gjorde eit kjempekast med på Lotra utanfor Store-Batalden.

Brått var nordvest-stormen over dei. Nota og fangsten gjekk tapt. Ingen ting var assurt, så tapet sleit dei med i årevis etterpå, fortel Olav som no i september var 86 år.

Dei to bruka i Leirvika med bustadhus - eit kvitt og eit gult, ligg nær sagt vegg i vegg. Olav og Hjørdis gifte seg i 1949. Dei bur i det gule, eit hus Olav bygde i 1945. Saman har dei skapt ein uneleg heim for seg og dei to borna som no er vaksne. Sonen Per Anders har teke over gardsbruket der inntekta kjem frå mjølkeproduksjon.

Men også Per må ha attåtinntekt som han har skaffa seg som industriarbeidar.

Olav skjelv litt på handa når han løfter kaffikoppen, og balansen er ikkje den beste når han reiser seg, derfor er staven ei god støtte. Men minnet er skarpt, han har lagra mykje, og forteljargleda

stor, så to-tre ettermiddagstimar går fort.

Fiskaren

På Nordalen har folka gjennom generasjonar hatt sjøen som viktig attåttnæring. Nausta var fulle av båtar og bruk, dei hadde notlag for sild og brisling. Dei var mellom dei første som skaffa seg motorbåtar. Slik var det også i Leirvika. For Olav sin del starta det med heimefiske som gutunge. Men frå 1930 til 1956 deltok han i dei store sesongfiska etter torsk og sild. Han var med fleire fiskebåtar, mellom anna ein av A. Trovik sine båtar. Han kan hugse at smågutane Ragnvald og Jørund Trovik kom ombord når skøyta

låg ved kai. Dei hadde endå til ein stor schæferhund med seg.

Brislingfisket i Norddalsfjorden var årvisst fram til slutten av 50-talet. Då vart det brått slutt. Olav trur det stod ein fast stamme i fjorden som formeira seg. Men då lysefisket tok til, vart lokalstammen oppfiska, trur Olav.

Som sildefiskar var Olav lengste tida med Sigurd Ulriksen frå Batalden med «Fanøyvåg». Ein flott fiskebåt som med ny motor gjorde god fart. Ulriksen skaffa også snurpenot, som var nytt i høve til landnot og drivgarn.

Det vart aldri dei store inntekter av sildefisket dei første åra, sjølv om det var store sildemengder som vart fiska og levert. For prisane var elendige, og ofte var

det problem å få levere. Til slutt kunne det hende at silda hadde stått så lenge i steng at ho måtte sleppast, eller ho daua. Det var grense for kor lenge ei bomullsnot kunne stå i sjøen utan å ta skade, veit du. Nota måtte opp til tørking og barking.

— Eg minnest med glede åra med Ulriksen, likeins med notlaget til Nils Eikevik. Desse sesongane gav gode inntekter, seier Olav.

Krigsår med dramatikk

Olav Nordal fortel at han vinteren 1943/44 var med Mathias Kristiansen på drevet etter silda med ein kutter på 40 fot. Motoren var ein Bolinder. — Ombord var vi

fem mann, mellom dei bror min. Kåre. Utstyret var mindre enn minimalt, blant anna hadde vi ikkje lettbåt, og redningsvestar den tid var ikkje snakk om. Hadde vi hatt øks og sag kunne vi kutta masta til å flyte på, snakka vi om medan vi hjelpelaust dreiv omkring og sjøane slo over oss.

Nordvest av Ytterøyane vart vi nemleg overraska av ein sørauststorm som gjorde at vi berre måtte drive unna veret. Johan Seim med skøyta si passerte oss på veg til Florø med sild. Ved kai fekk han spørsmål om han hadde sett noko til Kristiansen-kutteren, svarte han at sist han såg båten kom han bort i ein brottsjø.

Ordet gjekk om at vi hadde forlist. Men vi stampa av stad i grov sjø som slo over oss. Det såg verkeleg ille ut då motoren stogga. Topp-pakninga gjekk. No hadde vi berre seglføringa å lite på. Kristiansen skrua medan vi andre pumpa.

Til slutt kom motoren i gang att. I søraust skimta vi Oldervegen. For segl og motor bar det gjennom minefelt inn Vågsfjorden til Måløy.

Det var kveld. Hamnekapteinen nekta oss telefonlån for å varsle heim. Vi fekk vente til neste morgon, meinte han. Han telefonerte ikkje før utpå føremiddagen. Då bodet kom om at vi var i live og på veg til Florø, var vi faktisk i Rotasundet. Då hadde Redningsskøyta vore ute på søk, utan resultat. Vi hadde

teke oss inn utan minekart. Her var det snakk om englevakt, legg Olav til.

Rodde frå krigen

Olav hadde gjort rekruttenesta og var opplærd som mitraljøse-skyttar. På ulikt vis tok dei seg etter mobiliseringa i aprildagane 1940 fram til Voss, der det rådde vilt kaos. Ingen visste noko.

— Vi fekk hjelpe oss best vi kunne. 200 mann, ivrige etter å gjere ein innsats for fedrelandet, på sjølvstyr. Det einaste vi fekk utlevert var ei Krag-Jørgensen-rifle og 200 skot. Ei uniformslue var det einaste som markerte at vi var soldatar. 30 mann tok seg fram til Opheim-stølen. Maten tok slutt. Vi åt snø. Etter kvart kvitt karane seg med våpna og gjekk sine eigne vegar. Vi var fire mann att som kom til ein støl på Sognesida. Det var utanom meg sjølv Audun Solheim frå Norddalsfjorden, Ragnar Seim og Olav Bendiksen frå Kinn. Vi ville prøve å ta oss tilbake til Sognefjorden for å kome oss vidare til krigshandlingane i Valdres. Etter mykje mas og kav kom vi til Vik og tok inn hos ein lærar som var kjend med Einar Seim på Kinn gjennom fisk i byte med poteter, frukt og grønnsaker. Då var kapitulasjonen eit faktum.

Etter å ha kvilt ut fekk vi låne robåt hos denne læraren. Så bar det ut Sognefjorden der vi hadde første overnatting på Nesjane. Det skjedde dramatiske ting på turen etter at vi hadde passert Krakheilla. Eit norsk fly, ein dobbeldekkar, kom i låg høgd og bomba eit tysk ammunisjonsskip



på veg nordover. Det kom fleire eksplosjonar ombord. Vi såg skipet gå ned.

Dei to frå Kinn tok inn hos kjentfolk i Lifjorden medan Audun og eg heldt fram roturen like heim til Nordalen. Vi fann ut at roturen var like lang som frå Florø til Bergen.

Miste 200 kilo ål i stormen

På garden har dei gjennom generasjonar fiska ål. Olav tok etter konfirmasjonen til med ålefiske. Han og broren Dagfinn samla seg etter kvart 160 ruser som dei laga sjølve. Med desse for dei om hausten i dei fleste fjordane her ikring. Ålen vart då, som no, godt betalt. To kuttrarar frå Bergen kapast om å kjøpe. Olav minnest at spesielt utafor elvemunningen i Førde var det rikeleg med ål, så der var dei ofte med ruser. No har sonen Per ålefiske som hobby, men han driv berre med nokre få ruser.

Ettersommaren 1939 står som spikra i minnet. Då opplevde Olav eit ålefiske med mykje dra-

matikk, på meir enn ein måte. Saman med bror sin, Magnus, lasta dei motorbåten med åleruser og la vegen nord om Stad. Dei arbeidde seg nordover fjordane til dei ein ettermiddag var komne til Solevågen, innafor Ålesund. Dei kasta anker med tanke på overnatting. I ei kasse hadde dei om lag 200 kilo ål. Olav tok færingen og rodde i land for å kjøpe mjølk på ein av gardane. — Det hadde rett nok mørkna til, men eg trudde knapt mine eigne auge då Storfjorden med eitt stod som ein foss innover oss. Eg sprang i færingen for å kome meg ombord i motorbåten som dregga mot land. Vi prøvde å ro ut meir kjetting for å få nytt tak for ankeret, men vi rak berre i fjøra. Etter kvart kom bygdefolk til med tau som vi fekk festa til båten, og med hjelp av motoren baksa vi oss utpå. Då såg vi at ein stein hadde slege inn minst eitt bord, og båten var mykje lekk.

Vi klarte så vidt å halde han flytande til vi nådde første verkstaden, men fekk ikkje hjelp. Så til neste, lenger inne, men med

same resultat. Vi var heilt fortvila over «hjelpsemda». Først i Langvågen kom vi på slipp. Det var i siste liten, for spesielt eg som måtte pumpe mest, var heilt utsliten etter å ha pumpa nesten eitt døgn. All ålen gjekk tapt.

9. september melde radioen at tyskarane hadde gått inn i Polen. Vi måtte heim. På turen leverte vi om lag 50 kilo ål i Måløy. Vi fekk aldri oppgjer. Det vart såleis ein svært mager tur, seier Olav.

Ei kraftig salve

Under krigen arbeidde Olav på Brandsøyvegen. I 1941 vart to arbeidslag med Konrad Grovenes som bas tvangssende til vegarbeid utanfor Granvin ved Hardangerfjorden. Der som på Brandsøyvegen var det tyskarane som pressa på for å få samband. — Dei arbeidde med ei stor fjell skjering som kravde mykje boring og dynamitt. Ved ei større salve med mykje dynamitt hadde vi bora i rotfjell. Ei kjempesalve «tok ut» og sopte på sjøen all jord og stein, dessutan mykje av den

I HEIMETUNET:
Olav i heimetunet i Leirvika. Huset t.h. vart bygt i 1944, og huset til Olav, i bakgrunnen, bygde han i 1945.

mura vegfoten. Tyskarane skumla om sabotasje. Men ikkje lenge etterpå fekk vi reise heim. No arbeidde eg ei stund på anleggsvegen til Storåsen i Florø. Men det varte ikkje lenge. Eg likte fælt dårleg å arbeide på tyskaranlegg. På den tid tenkte eg på å kome meg over til Shetland, for å halde fram krigen. Men det vart med tanken, legg Olav til.

Oppsummering

Dette var spreidde glimt frå ein mangslungen innsats på ulike område. Frå notatblokkane nemner vi til slutt at Olav dreiv hjortejakt til han var over 70 år, likeins var han på anleggsarbeid i Storebotn eit par år kring 1970. Han har vore ein habil snikkar og bygningsmann, og viser fram prøver på treskurd på pyntegjenstander og på møblar som han har laga. I 1946 deltok han ein sesong på gjenreisingsarbeid i Finnmark. Olav har gjennom åra også vore ein mykje nytta murar. Det er ikkje mange hus i bygda han ikkje har vore innom som murar av piper og brannmurar.

Han skryter ikkje av sine bragder, men fortel med innleving. Og ofte gir han kona Hjördis ros for alt ho gjorde for å ta vare på heimen. Med ei traust arbeidshand stryk han henne mjukt på kinnet.

Rolf Orheim
Norddalsfjorden:



SOLDATEN: Olav som stram rekrutt på Bømoen i 1933.



SKREIEN: Faren, Peder Nordal, er ombord og ser sønene Olav og Dagfinn vel av garde til ålefiske på Sunnmøre på ettersommaren i 1939. Det vart ein dramatisk tur.



NORDDALSBUA tilhørte fiskarar frå Norddalen i mange år, og her budde dei i sesongar. Seinare overtok Sigurd Ulriksen bua og innreidde til bustad samstundes som ho tente til sjøhus for båtar og reiskap.